

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/39/24

av 9. august 2005

om klassifisering av visse byggevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad(*)

[meldt under nummeret K(2005) 2925]

(2005/610/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember
1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter
om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

1) I direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernnivå for byggverk på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF⁽²⁾».

2) Med omsyn til det grunnleggjande kravet til brannsikring inneheld basisdokument nr. 2 ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak som til saman utgjer ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.

3) I basisdokument nr. 2 går det fram at eit av tiltaka er å avgrense brann- og røykutviklinga og brann- og røykspreiinga innanfor eit visst område ved at det vert sett grenser for kor mykje byggevarane kan medverke til at ein brann utviklar seg fullt ut.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 208 av 11.8.2005, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 84/2006 av 7. juli 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 52, 19.10.2006, s. 14.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

4) Avgrensingsgraden kan uttrykkest berre ved hjelp av ulike nivå for den ytinga som varer har ved brannpåverknad under sluttbruken.

5) Som ei harmonisert løysing vart det vedteke eit klassifiseringssystem ved kommisjonsvedtak 2000/147/EF av 8. februar 2000 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av byggevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad⁽³⁾.

6) Når det gjeld visse byggevarer er det naudsynt å nytte den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF.

7) Ytinga ved brannpåverknad er vorten fastlagd for mange byggevarer og/eller byggjemateriale, og er vorten gjord tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.

8) Der det er relevant er varene vortne vurderte i høve til den sluttbruken dei har.

9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei varene og/eller materiala som stettar alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at ytterlegare prøving er naudsynt.

⁽³⁾ TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14. Vedtaket sist endra ved vedtak 2003/632/EF (TEU L 220 av 3.9.2003, s. 5).

Artikkel 2

Dei særskilde klassane som skal nyttast for ulike byggjevarer og/eller byggjemateriale og som inngår i klassifiseringa av brannpåverknad som er vedteken ved vedtak 2000/147/EF, er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 9. august 2005.

For Kommisjonen
Günter VERHEUGEN
Visepresident

VEDEGG

Tabellane i dette vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjeverarene og/eller byggjemateriala som stettar alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.

Tabell 1

KLASSIFISERING AV LIMTRE MED OMSYN TIL YTING VED BRANNPÅVERKNAD⁽¹⁾

Materiale	Vareopplysningar	Lågaste gjennomsnittstettleik ⁽²⁾ (kg/m ³)	Minste samla tjukkeleik (mm)	Klasse ⁽³⁾
Limtre	Limtrevarer i samsvar med standarden EN 14080.	380	40	D-s2, d0

⁽¹⁾ Gjeld for alle typar tre og lim som kjem inn under varestandarden.

⁽²⁾ Fastsett i samsvar med standarden EN 13238.

⁽³⁾ Klasse som fastsett i tabell 1 i vedlegget til vedtak 2000/147/EF.

Tabell 2

KLASSIFISERING AV LAMINERTE GOLVDEKKE MED OMSYN TIL YTING VED BRANNPÅVERKNAD

Type golvdekke ⁽²⁾	Vareopplysningar	Lågaste tettleik (kg/m ³)	Minste samla tjukkeleik (mm)	Klasse golvdekke ⁽²⁾
Laminerte golvdekke	Laminerte golvdekke som er framstilte i samsvar med standarden EN 13329:2000.	800	6,5	E _{FL}

⁽¹⁾ Golvdekke som vert lagt laust på trebasert underlag \geq D-s2, d0 eller eit underlag av klasse A2-s1, d0.

⁽²⁾ Klasse som fastsett i tabell 2 i vedlegget til vedtak 2000/147/EF.

Tabell 3

KLASSIFISERING AV HALVHARDE GOLVDEKKE MED OMSYN TIL YTING VED BRANNPÅVERKNAD

Type golvdekke ⁽¹⁾	EN varestandard	Minste masse (g/m ²)	Største masse (g/m ²)	Minste samla tjukkeleik (mm)	Klasse golvdekke ⁽²⁾
Einsfarga linoleum og linoleum med mønster	EN 548	2 300	4 900	2	E _{FL}
Einsarta og ueinsarta golvdekke av polyvinylklorid	EN 649	2 300	3 900	1,5	E _{FL}
Golvdekke av polyvinylklorid med skumlag	EN 651	1 700	5 400	2	E _{FL}
Golvdekke av polyvinylklorid med baksida av kork	EN 652	3 400	3 700	3,2	E _{FL}
Golvdekke av ekspandert polyvinylklorid	EN 653	1 000	2 800	1,1	E _{FL}
Halvstive fliser av polyvinylklorid	EN 654	4 200	5 000	2	E _{FL}
Linoleum med baksida av korkment	EN 687	2 900	5 300	2,5	E _{FL}
Einsarta og ueinsarta golvdekke av glatt gummi med baksida av skum	EN 1816	3 400	4 300	4	E _{FL}
Einsarta og ueinsarta golvdekke av glatt gummi	EN 1817	3 000	6 000	1,8	E _{FL}
Einsarta og ueinsarta golvdekke av profilert gummi	EN 12199	4 600	6 700	2,5	E _{FL}

⁽¹⁾ Golvdekke som vert lagt laust på trebasert underlag \geq D-s2, d0 eller eit underlag av klasse A2-s1, d0.

⁽²⁾ Klasse som fastsett i tabell 2 i vedlegget til vedtak 2000/147/EF.

Tabell 4

KLASSIFISERING AV TEKSTILE GOLVDEKKE MED OMSYN TIL YTING VED BRANNPÅVERKNAD

Type golvdekke ⁽¹⁾	EN varestandard	Klasse golvdekke ⁽²⁾
Maskinproduserte vegg-til-vegg-teppe og teppefliser med luv, utan brannmotstand ⁽³⁾	EN 1307	E _{FL}
Tekstile golvdekke av nålefilt, utan luv ⁽³⁾ , utan brannmotstand	EN 1470	E _{FL}
Tekstile golvdekke av nålefilt, med luv ⁽³⁾ , utan brannmotstand	EN 13297	E _{FL}

⁽¹⁾ Golvdekke som er limt eller lagt laust på eit underlag av klasse A2-s1, d0.

⁽²⁾ Klasse som fastsett i tabell 2 i vedlegget til vedtak 2000/147/EF.

⁽³⁾ Tekstile golvdekke med ein samla masse på høgst 4 800 g/m², ein minste luvtjukkuleik på 1,8 mm (ISO 1766) og:

- ei overflate av 100 % ull,
- ei overflate av 80 % ull eller meir — 20 % polyamid eller mindre,
- ei overflate av 80 % ull eller meir — 20 % polyamid/polyester eller mindre,
- ei overflate av 100 % polyamid.
- ei overflate av 100 % polypropylen og baksida av polybutadienstyrenskum, ein samla masse på > 780 g/m². Omfattar ikkje polypropylentepe med baksida av andre typar skum.